

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Valdres Næringshage Skrautvålsvegen 77	24.04.2018

Sak nr :

RS 29-/-19

Rullering av vedtektene i VNK

Bakgrunn

I sak 59-/-17, den [7. juni 2017](#) vart langtidsprogrammet [Avtale 2017-2027](#) og gjeldande vedtekter [2017-2019](#) endeleg vedtektne. Langtidprogrammet skal ikkje reviderast no, men vedtektene. Det er Regionstyrets ansvar å foreslå rullering og eventuelle endringar i styringsdokumenta tol Valdres Natur- og Kulturpark(VNK) og å legge frå forslag til eventuelle endringar overfor dei deltakande kommunane, jf. §4.

Fylgjande prosess er lagt til grunn (RS 69-/-18):

- «a) Regionstyremøte 5. desember 2018: Styret fastsetter mandat og prosess for evaluering av organiseringen.
- b) Eventuelle endringer foreslås av Regionstyret senest innen utgangen av mars 2019
- c) Vedtekter 2020-2024 sendes kommunene for endelig vedtak
- d) Endelig vedtak fattes innen 1. juni 2019»

Vedtektenes §10 seier at Regionstyret skal evaluere organiseringa, med det meinast styringa av VNK, dette er gjort i [RS 69-/-18](#) og [V 5-/-18](#). Vedtektene er regionens eigne vedtekter og jamfør høyringsforslaget om Partnerskapsmodell – kommunane i Innlandet og Innlandet fylkeskommune er dette prinsippet lagt til grunn RS sak 28-/-19.

Ny kommunelov krev at selskap som er organisert etter lovas §27 må omorganisast innan 4 år til ny lov. For VNK kan det vera to aktuelle organiseringar etter ny kommunelov, det er kapittel 18 eller kapittel 19. VNK er medlem i KS bedrift og det er naturleg at dei deltek i ei vurdering på kva tilknytning som er mest hensiktsmessig.

Dei økonomiske rammene frå kommunane til VNK er uendra sidan 2007, dvs. at drifta er tilpassa og effektivisert kvart år. Med den oppgåveporteføljen som er og som er samhandling for å styrke merkevara Valdres er det strenge prioriteringar som blir gjort i kvart budsjett.

Vurdering

Det er hensiktsmessig å rullere vedtektene utan store endringar no, gjeldande vedtekter ha fungert i to år og både Regionstyret og Valdresrådet har ikkje påpeikt i ynskje om vesentlege endringar i saken [RS 69-/-18](#) og [V 5-/-18](#). Vedtektene må rullerast no slik at det dei ligg til grunn for ny handlingplan 2020. Det bør gjerast ei nærmare vurdering av tilknytning til ny kommunelov i 2021 /2022, då har praksisen av vorten betre etablert, det er fleire gråsoner mellom dei ulike kapitla som bør avklarast nærmare.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Valdres Næringshage Skrautvålsvegen 77	24.04.2018

Det er likevel ein modifikasjon som bør gjerast og det er om kommunane ynskjer at VNK skal vareta fleire oppgåver må vedtektene gje rom for det. Det gjel spesielt om VNK ska ha oppfølging av økonomien mellom Visit Valdres og dei seks Valdreskommunane.

Konklusjon

Vedtektene av 7. juni 2017 vidareførast som vedtekter 2020-2024. I 2021 /2022 vurderast endra tilknytning til kommunelova.

§ 8 2. avsnitt endrast for å opne for eventuelt nye oppgåver.

Framlegg til vedtak:

Regionstyret tilrår fyljande forslag til vedtak blir sendt kommunane med vedtaksfrist, innan 1. juni:

Framlegg til Vedtak i kommunane

Vedtekter/samarbeidsavtale mellom Valdreskommunene om Valdres Natur- og Kulturpark (VNK) og regionstyre blir vedtekter for selskapet åra 2020-2024, med følgjande endringar:

1. §8 2. avsnitt endras slik: Kommunenes tilskudd til denne virksomheten fastsettes gjennom kommunestyrenes årlige budsjettbehandlinger, men kommunenes intensjon ved inngåelsen av disse vedtekter er at kommunenes samlede årlige tilskudd til VNK i samarbeidsavtaleperioden 2020-2024 fastsettes til 4,5 mill. kr. årlig. Tilskuddet tilpasses det enkelte år innenfor denne rammen ut fra handlingsprogrammets innretning inn mot VNKs hovedstrategi. Beløpet fordeles mellom kommunene i henhold til folketallet pr. 01.01.i budsjettåret, og overføres med en halvpart den 15.03. og restbeløpet den 15.09. hvert år. Ved utvidet ansvarsområde for VNK tilføres nødvendig økonomi og mandat for å løse oppgaven /oppgavene som tillegges VNK.
2. Ny § 11: Innan fristen for endring av selskap organisert etter gamal kommunelovs §27 gjer Regionstyret ei vurdering og tilrår kommunane ny tilknytning for selskapet til den nye kommunelova.
3. Årstala i vedtektene endrast i tråd med dette vedtaket

Vedtak:

Vedlegg:

1. 59-/-17, den [7. juni 2017](#)
2. Langtisprogrammet [Avtale 2017-2027](#)
3. Gjeldande vedtekter [2017-2019](#)
4. [RS 69-/-18](#)
5. [V 5-/-18](#)

sign.

Utskrift sendt til